



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkesutvalet</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Fylkeshuset - møterom Sygna</b>
<b>Møtedato</b>	<b>26.11.2014</b>
<b>Kl.</b>	<b>09.00 – 16.10</b>

**Faste medlemmer til stades:**

**Åshild Kjelsnes, Ap**  
**Nils P. Støyva, Ap**  
**Jenny Følling, Sp**  
**Anders Ryssdal, Sp**  
**Karen Marie Hjelmeseter, Sp**  
**Noralv Distad, H**  
**Marit Barsnes Krogsæter, V**  
**Trude Brosvik, KrF**

**Forfall til møtet:**

**Frank Willy Djuvik, FrP**

**Varamedlemer til stades:**

**Olin Johanne Henden, H**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Tore Eriksen**

**Sekretariat for møtet:**

**Knut Henning Grepstad**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet tok stilling til om kva saker som skal vere opne/lukka.

Fylkesutvalet vedtok at sak nr. 127/14, 144/14 og vedlegg 5 i sak 142/14 vart handsama for lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 5.

Møtebok frå 5. november 2014 vart godkjend utan merknader.

**SAK 127/14 Fjord1 AS Søksmål frå Fjord1 AS - krav om refusjon av kostnader til kaileige - forliksavtale**

**VEDTAK:**

Fylkesutvalet godkjenner forliksavtalen mellom Fjord1 AS og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

-----

**SAK 128/14 Høyring - Endringar i lov om Innovasjon Norge**

**Frå hovudutval for plan og næring låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Med bakgrunn i høyringsnotat og høyringsbrev frå Nærings- og fiskeridepartementet datert 24.10.2014 sluttar fylkestinget i Sogn og Fjordane seg til følgjande fråsegn:

Til Nærings- og fiskeridepartementet;

**Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt svar på dykkar høyringsnotat av 24.10.2014 om endringar i lov om Innovasjon Norge**

Stortinget sitt føremål med ein felles eigarskap mellom staten og fylkeskommunane i Innovasjon Norge var å legge til rette for ein eigarstruktur tilpassa gjennomføringa av forvaltningsreforma. Målet var å gje fylkeskommunane auka innverknad i regional- og næringspolitikken mellom anna gjennom eigarskap til ein vesentleg del av verkemiddelapparatet som Innovasjon Norge førestår. For fylkeskommunane har dette gitt eit betre verktøy for utøving av ansvar og mandat som regional utviklar, medverka til auka samhandling og utnytting av regionale og nasjonale verkemiddel og medverka til å løfte regionale utviklingsmuligheiter opp på nasjonalt nivå. Stortinget føresette også at fylkeskommunane skulle få moglegheit til å utøve eit aktivt og likeverdig eigarskap. Medverknad ved val til styret er i denne samanhengen vesentleg.

Dette er også i samsvar med Stortinget sin fleirtalsmerknad til Innst. 300 S (2013-2014) frå kommunal- og forvaltningskomiteen 12.06.2014:

"Stortinget konstaterer at det ikkje er fleirtal for Høgre og Framstegspartiet sine primærstandpunkt om to folkevalde nivå, jf. dessa partia sine merknader i saken. Stortinget viser vidare til felles merknad i saken frå medlemmene frå Høgre, Framstegspartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti der det kjem fram at parallelt med kommunereforma må regjeringa gjennomgå og samanstillе utredningar gjeldande mellomnivået og sjå desse i samheng med reforma utan at dette skal forseinke arbeidet med kommunereforma for primærkommunane. Stortinget stadfester at gjennomgangen av oppgåvene til kommunane må inkludere oppgåvene som skal liggje til eit folkevalt regionnivå/mellomnivå/færre fylkeskommunar."

Med utgangspunkt i dette føreset vi at mellomnivået framleis skal ha ansvaret for ein heilskapleg politikk for regional utvikling også innafor næringsutvikling. Det er behov for å definere ulike premisser for utvikling i ulike deler av landet, basert på regionale forhold, og for å bygge bruer og alliansar mellom til dømes ulike kompetanse- og innovasjonsmiljø i regionane. Det er og behov for å utvikle tenester ulikt i landet, alt etter regionale utfordringar og behov. Som ein vesentlig del av dette ligg det å sjå dei ulike verkemidla og aktørane i samheng. Dette ligg også som ei målsetting i forvaltningsreforma. Innovasjon Norge sine verkemiddel, inkludert midlane overført frå fylkeskommunen, er ein vesentlig del av totale regionale verkemiddel.

Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til Nærings- og Fiskeridepartementet sin ambisjon om effektivisering av verkemiddelbruken, inkludert Innovasjon Norge sine verkemiddel. I samband med dette må det framhevast at ei heilskapleg regional koordinering er vesentleg for å oppnå effektiv og målretta bruk av dei samla virkemidla. Dette gjeld både nasjonalt og regionalt. Eit fortsatt fylkeskommunalt eigarskap i Innovasjon Norge er den viktigaste berebjelken for å få til denne koordineringa, mellom anna gjennom muligheitene for bruk av utvida eigenregi ved kjøp av forvaltningstenester frå Innovasjon Norge. Sogn og Fjordane fylkeskommune føreset derfor at Innovasjon Norge vert vidareført som eit særlovselskap med dagens eigarstruktur (alternativ 1). Fylkeskommunane vil i fellesskap vurdere organiseringa av eige eigarskap for å effektivisere styringa.

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil oppretthalde dagens formulering i lova om minimum 6 eigarrepresentantar i hovudstyret. Hovudstyret i Innovasjon Norge må spegle breidda i næringsstruktur og regional representasjon. Dette tilhøvet er meir vesentleg enn styret sin storleik isolert sett.

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil åtvare mot Nærings- og fiskeridepartementet sitt framlegg om å fjerne lovfestinga av regionale styre i lov om Innovasjon Norge. Fylkestinget meiner dei lokale styra sitt ansvar kan endrast slik at ein vektlegg saker av strategisk og prinsipiell tyding, og at andre saker kan delegerast ut og nedover i organisasjonen. Det vil korte ned sakshandsamingstida, og gje kundane eit raskare svar.

Sogn og Fjordane fylkeskommune er svært opptekne av at Innovasjon Norge har nærleik til næringslivet, og difor opprettheld dei regionale kontora. Regional eigarskap, styring og nærleik er viktig for å kunne tene vårt næringsliv på ein best mogleg måte. I sum er me uroa for at dei føreslegne lovendingane vil føre til sterkare sentral styring, mindre risikovillig kapital og meir rein finansaktivitet, noko som lett vil føre til at verksemder i distrikta fell utanfor.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ynskjer at det framleis skal vera delt eigarskap etter dagens modell, og går inn for at det skal vera regionale kontor i Norge etter same modell som vi har i dag.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ber difor om at ordninga med regionale styre vert vidareførte, og sluttar seg ikkje til Nærings- og fiskeridepartementet sitt forslag om å fjerne lovfestinga av regionale styrer i lov om Innovasjon Norge.

Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar også framlegget om at solidarisk ansvar vert avskaffa, og at ansvaret vert etter retningslinene i lov om statsføretak/aksjelova. Dette vil seie at ansvaret vert avgrensa til den til ei kvar tid innskotne kapitalen. Endring av lova kan ha som konsekvens at eigarskapen må tilføre selskapet ny eigenkapital. Fylkestinget i Sogn og Fjordane ber om at det før føretaksmøtet fattar avgjerd, vert gjort ei analyse av kapitalbehovet.

### **Endringsframlegg:**

**Arbeidarpartiet og Senterpartiet** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Fylkestinget i Sogn og Fjordane meiner at Innovasjon Norge må ha nærleik til næringslivet i heile landet og må difor oppretthalde dei regionale kontora. Ei heilskapleg regional koordinering er vesentleg for å oppnå målretta bruk av dei samla virkemiddel og tenester IN rår over. Dette gjeld både nasjonalt og regionalt. Difor er lokalt eigarskap og regional styring viktig. Dei foreslegne lovendingane vil bety sterkare sentral styring, mindre risikovillig kapital og meir rein finansaktivitet, som lett vil føre til at bedrifter i distrikta fell utanfor. Fylkesutvalet vil særskild peike på følgjande:

1. Fylkestinget meiner at det framleis skal vera delt eigarskap etter dagens modell, og går inn for at det skal vera regionale kontor i Norge etter same modell som vi har i dag.
2. Fylkestinget ber difor om at ordninga med regionale styre vert vidareførte, og sluttar seg ikkje til Nærings- og fiskeridepartementet sitt forslag om å fjerne lovfestinga av regionale styrer i lov om Innovasjon Norge.
3. Tiltådinga frå hovudutval for plan og næring ligg ved til orientering.

**Høgre og Venstre** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Med bakgrunn i høyringsnotat og høyringsbrev frå Nærings- og fiskeridepartementet datert 24.10.2014 sluttar fylkestinget i Sogn og Fjordane seg til følgjande fråsegn:

Til Nærings- og fiskeridepartementet;

**Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt svar på dykkar høyringsnotat av 24.10.2014 om endringar i lov om Innovasjon Norge**

Stortinget sitt føremål med ein felles eigarskap mellom staten og fylkeskommunane i Innovasjon Norge var å legge til rette for ein eigarstruktur tilpassa gjennomføringa av forvaltningsreforma. Målet var å gje fylkeskommunane auka innverknad i regional- og næringspolitikken mellom anna gjennom eigarskap til ein vesentleg del av verkemiddelapparatet som Innovasjon Norge førestår. For fylkeskommunane har dette gitt eit betre verktøy for utøving av ansvar og mandat som regional utviklar, medverka til auka samhandling og utnytting av regionale og nasjonale verkemiddel og medverka til å løfte regionale utviklingsmuligheiter opp på nasjonalt nivå. Stortinget føresette også at fylkeskommunane skulle få muligheit til å utøve eit aktivt og likeverdig eigarskap. Medverknad ved val til styret er i denne samanhengen vesentleg.

Dette er også i samsvar med Stortinget sin fleirtalsmerknad til Innst. 300 S (2013-2014) frå kommunal- og forvaltningskomiteen 12.06.2014:

”Stortinget konstaterer at det ikkje er fleirtal for Høgre og Framstegspartiet sine primærstandpunkt om to folkevalde nivå, jf. dessa partia sine merknader i saken. Stortinget viser vidare til felles merknad i saken frå medlemmene frå Høgre, Framstegspartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti der det kjem fram at parallelt med kommunereforma må regjeringa gjennomgå og samanstille utredningar gjeldande mellomnivået og sjå desse i samheng med reforma utan at dette skal forseinke arbeidet med kommunereforma for primærkommunane. Stortinget stadfester at gjennomgangen av oppgåvene til kommunane må inkludere oppgåvene som skal liggje til eit folkevalt regionnivå/mellomnivå/færre fylkeskommunar.”

Med utgangspunkt i dette føreset vi at mellomnivået framleis skal ha ansvaret for ein heilskapleg politikk for regional utvikling også innafor næringsutviklinga. Som ein vesentlig del av dette oppdraget ligg det å sjå dei ulike verkemidla og aktørane i samheng. Dette ligg også som ei målsetting i forvaltningsreforma. Innovasjon Norge sine verkemiddel, inkludert midlane overført frå fylkeskommunen, er ein vesentlig del av dei totale regionale verkemiddel.

Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til Nærings- og Fiskeridepartementet sin ambisjon om effektivisering av verkemiddelbruken, inkludert Innovasjon Norge sine verkemiddel. I samband med dette må det framhevast at ei heilskapleg regional koordinering er vesentlig for å oppnå effektiv og målretta bruk av dei samla virkemidla. Dette gjeld både nasjonalt og regionalt. Eit fortsatt fylkeskommunalt eigarskap i Innovasjon Norge er den viktigaste berebjelken for å få til denne koordineringa, mellom anna gjennom muligheitene for bruk av utvida eigenregi ved kjøp av forvaltningstenester frå Innovasjon Norge. Sogn og Fjordane fylkeskommune føreset derfor at Innovasjon Norge vert vidareført som eit særlovselskap med dagens eigarstruktur (alternativ 1). Fylkeskommunane vil i fellesskap vurdere organiseringa av eige eigarskap for å effektivisere styringa.

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil oppretthalde dagens formulering i lova om minimum 6 eigarrepresentantar i hovudstyret. Hovudstyret i Innovasjon Norge må spegle breidda i næringsstruktur og regional representasjon. Dette tilhøvet er meir vesentleg enn styret sin storleik isolert sett.

Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til Nærings- og fiskeridepartementet sitt framlegg om å fjerne lovfestinga av regionale styre i lov om Innovasjon Norge. Fylkeskommunen ber om at eigarane saman med styre og leiing i selskapet i fellesskap utviklar nye modellar/fullmakter for distriktskontora. Ein slik modell må også ta vare på funksjonen som det regionale styret har, til dømes med eit regionalt partnerskapsorgan eller råd.

Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar også framlegget om at solidarisk ansvar vert avskaffa, og at ansvaret vert etter retningslinene i lov om statsføretak/aksjelova. Dette vil seie at ansvaret vert avgrensa til den til ei kvar tid innskotne kapitalen. Endring av lova kan ha som konsekvens at

eigarskapen må tilføre selskapet ny egenkapital. Fylkestinget i Sogn og Fjordane ber om at det før føretaksmøtet fattar avgjerd, vert gjort ei analyse av kapitalbehovet.

**Avrøysting:**

Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anders Ryssdal, Karen Marie Hjelmeseter og Trude Brosvik røysta for framlegget frå Arbeidarpartiet og Senterpartiet.

Noralv Distad, Olin Johanne Henden og Marit Barsnes Krogsæter røysta for framlegget frå Høgre og Venstre.

Tilrådinga frå hovudutval for plan og næring kom ikkje opp til avrøysting.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Fylkestinget i Sogn og Fjordane meiner at Innovasjon Norge må ha nærleik til næringslivet i heile landet og må difor oppretthalde dei regionale kontora. Ei heilskapleg regional koordinering er vesentleg for å oppnå målretta bruk av dei samla virkemiddel og tenester IN rår over. Dette gjeld både nasjonalt og regionalt. Difor er lokalt eigarskap og regional styring viktig. Dei foreslegne lovendingane vil bety sterkare sentral styring, mindre risikovillig kapital og meir rein finansaktivitet, som lett vil føre til at bedrifter i distrikta fell utanfor. Fylkesutvalet vil særskild peike på følgjande:

1. Fylkestinget meiner at det framleis skal vera delt eigarskap etter dagens modell, og går inn for at det skal vera regionale kontor i Norge etter same modell som vi har i dag.
2. Fylkestinget ber difor om at ordninga med regionale styre vert vidareførte, og sluttar seg ikkje til Nærings- og fiskeridepartementet sitt forslag om å fjerne lovfestinga av regionale styrer i lov om Innovasjon Norge.
3. Tilrådinga frå hovudutval for plan og næring ligg ved til orientering.

-----  
**SAK 129/14      Handlingsplan for 2015 - 2018 - Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane 2014 - 2025**

**Frå hovudutval for plan og næring låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Fylkestinget vedtek handlingsplan 2015-2018 for verdiskapingsplanen med følgjande merknader:

1. Fylkeskommunen sin økonomiske medverknad vert vedteken gjennom fylkestinget sine budsjettvedtak og deretter vedtak i einskildsaker. Økonomiske tal i handlingsplanen er derfor å sjå på som rettleiande.
2. Overordna politisk ansvar for oppfølging av handlingsplanen er lagt til Fylkesutvalet. Dette inkluderer i det vidare arbeidet årleg vedtak av årsplan for arbeidet fram til hovudrevisjon i 2018. Ansvar lagt til hovudutvala følgjer den til ei kvar tid gjeldande arbeidsdeling mellom dei politiske utvala.
3. Fylkestinget føreset at det vert utvikla ein handlingsplan innan fornybar energi for formell handsaming i fylkesutvalet i 2015.
4. Sak om industristrategi vert føresett fremja for fylkestinget i oktober 2015
5. Sak om plan for landbruksatsinga vert føresett lagt fram for HPN i hausten 2015
6. Kapittel 4.6.3 vert endra slik at Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane sitt gode arbeid vert teke inn i oppfølginga.

**Endringsframlegg:**

**Høgre** sette fram slikt framlegg til nytt punkt 7 i tilrådinga frå hovudutval for plan og næring: Som ei viktig politisk problemstilling under punktet Fornybar energi skal ein også ha med: Betre rammevilkår i form av redusert avgift for energi-intensiv verksemd utanfor tradisjonell industri, blant ann datasenter.

**Avrøysting:**

Tilrådinga frå hovudutval for plan og næring og Høgre sitt framlegg til nytt punkt 7 vart samrøystes vedtekne.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Fylkestinget vedtek handlingsplan 2015-2018 for verdiskapingsplanen med følgjande merknader:

1. Fylkeskommunen sin økonomiske medverknad vert vedteken gjennom fylkestinget sine budsjettvedtak og deretter vedtak i einskildsaker. Økonomiske tal i handlingsplanen er derfor å sjå på som rettleiande.
2. Overordna politisk ansvar for oppfølging av handlingsplanen er lagt til Fylkesutvalet. Dette inkluderer i det vidare arbeidet årleg vedtak av årsplan for arbeidet fram til hovudrevisjon i 2018. Ansvar lagt til hovudutvala følgjer den til ei kvar tid gjeldande arbeidsdeling mellom dei politiske utvala.
3. Fylkestinget føreset at det vert utvikla ein handlingsplan innan fornybar energi for formell handsaming i fylkesutvalet i 2015.
4. Sak om industristrategi vert føresett fremja for fylkestinget i oktober 2015
5. Sak om plan for landbruksatsinga vert føresett lagt fram for HPN i hausten 2015
6. Kapittel 4.6.3 vert endra slik at Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane sitt gode arbeid vert teke inn i oppfølginga.
7. Som ei viktig politisk problemstilling under punktet Fornybar energi skal ein også ha med: Betre rammevilkår i form av redusert avgift for energi-intensiv verksemd utanfor tradisjonell industri, blant ann datasenter.

-----  
**SAK 130/14 Naustdal kommune - Høyring planprogram for samfunnsdelen av Kommuneplanen**

**VEDTAK:**

1. Fylkeskommunen meiner samfunnsdelen til Naustdal sin kommuneplan tek tak i sentrale utfordringar for kommunen som samfunn og organisasjon.
2. Fylkeskommunen rår til at kommunen i arbeidet med handlingsdelen definerer kva oppgåver kommunen kan løyse internt og kva oppgåver kommunen ynskjer å løyse saman med andre og kva oppgåver kommunen treng hjelp til, frå fylke og stat.
3. Fylkeskommunen er innstilt på å gå i dialog med Naustdal kommune med sikte på å finne samarbeidsløysingar på område der fylkeskommunen kan bidra.
4. Fylkeskommunen rår til at kommunen i det vidare planarbeidet vurderer dei innspela som ligg i saksutgreiinga.

-----  
**SAK 131/14 Fornyng av samarbeidsavtale om plikt og ansvar vedkommande forvaltninga av Regionalt forskingsfond Vestlandet**

**VEDTAK:**

1. Fylkesutvalet sluttar seg til forslaget til samarbeidsavtale om plikt og ansvar vedkommende forvaltninga av Regionalt forskingsfond Vestlandet.
2. Fylkesordføraren får fullmakt til å signere avtalen på vegne av Sogn og Fjordane fylkeskommune.

-----

**SAK 132/14 Restriksjonar mot bruk av tobakk for tilsette og folkevalde i Sogn og Fjordane fylkeskommune**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:  
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune innfører forbod mot røyking på fylkeskommunal grunn og i fylkeskommunale tenestebilar. Fylkesvegar vert ikkje omfatta.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune innfører røykfri arbeidstid for alle tilsette i arbeidstida. Dette gjeld ikkje når dei tilsette oppheld seg i ein privat sfære.
3. Dei folkevalde i Sogn og Fjordane fylkeskommune skal vere røykfrie i samband med utføringa av vervet som folkevald. Dette gjeld ikkje når dei folkevalde oppheld seg i ein privat sfære medan dei utfører vervet.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune innfører snusfri arbeidstid for tilsette som har kontakt med born og unge, pasientar eller publikum. Dette gjeld ikkje når dei tilsette ikkje har slik kontakt.
5. Sogn og Fjordane fylkeskommune innfører forbod mot tobakkssurrogat og tobakksimitasjonar som ikkje er godkjende av helsestyresmaktene. Dette gjeld i skuletida for elevar og studentar og i arbeidstida for tilsette som har kontakt med born og unge. Forbodet gjeld ikkje for dei tilsette når dei ikkje har slik kontakt.
6. Sogn og Fjordane fylkeskommune tilbyr tobakkavvenjingskurs til tilsette og folkevalde.
7. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gi hovudsamarbeidsutvalet og dei lokale arbeidsmiljøutvala i oppdrag å følgje opp korleis regelverket vert handheva.
8. Vedtaket i denne saka har verknad frå 1. april 2015, med unntak av pkt 6, som har verknad frå 1. januar 2015.

**Endringsframlegg:**

**Venstre** sette fram slikt framlegg til vedtak:  
Punkta 4,5 og 6 i tilrådinga frå fylkesrådmannen går ut.

**Høgre og Senterpartiet** sette fram slikt framlegg til endringar i tilrådinga frå fylkesrådmannen:  
Ny andre setning i punkt 2:  
Dette gjeld ikkje når dei tilsette oppheld seg i ein privat sfære eller tilvist plass utanfor fylkeskommunal grunn, medan dei utfører arbeidet.

Ny andre setning i punkt 3:  
Dette gjeld ikkje når dei folkevalde oppheld seg i ein privat sfære eller tilvist plass utanfor fylkeskommunal grunn, medan dei utfører vervet.

**Avrøysting:**  
Punkta 1, 7 og 8 i tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedtekne.

Punkta 2 og 3 i tilrådinga frå fylkesrådmannen med dei endringar som følgjer av framlegga frå Høgre og Senterpartiet vart samrøystes vedtekne.

Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anders Ryssdal, Karen Marie Hjelmeseter og Trude Brosvik røysta for punkta 4 og 5 i tilrådinga frå fylkesrådmannen.

Noralv Distad, Olin Johanne Henden og Marit Barsnes Krogsæter røysta mot punkta 4 og 5 i tilrådinga frå fylkesrådmannen.

Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anders Ryssdal, Karen Marie Hjelmeseter, Noralv Distad, Olin Johanne Henden og Trude Brosvik røysta for punkt 6 i tilrådinga frå fylkesrådmannen. Marit Barsnes Krogsæter røysta mot punkt 6 i tilrådinga frå fylkesrådmannen.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune innfører forbod mot røyking på fylkeskommunal grunn og i fylkeskommunale tenestebilar. Fylkesveggar vert ikkje omfatta.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune innfører røykfri arbeidstid for alle tilsette i arbeidstida. Dette gjeld ikkje når dei tilsette oppheld seg i ein privat sfære eller tilvist plass utanfor fylkeskommunal grunn, medan dei utfører arbeidet.
3. Dei folkevalde i Sogn og Fjordane fylkeskommune skal vere røykfrie i samband med utføringa av vervet som folkevald. Dette gjeld ikkje når dei folkevalde oppheld seg i ein privat sfære eller tilvist plass utanfor fylkeskommunal grunn, medan dei utfører vervet.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune innfører snusfri arbeidstid for tilsette som har kontakt med born og unge, pasientar eller publikum. Dette gjeld ikkje når dei tilsette ikkje har slik kontakt.
5. Sogn og Fjordane fylkeskommune innfører forbod mot tobakkssurrogat og tobakksimitasjonar som ikkje er godkjende av helsestyresmaktene. Dette gjeld i skuletida for elevar og studentar og i arbeidstida for tilsette som har kontakt med born og unge. Forbodet gjeld ikkje for dei tilsette når dei ikkje har slik kontakt.
6. Sogn og Fjordane fylkeskommune tilbyr tobakkavvenjingskurs til tilsette og folkevalde.
7. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gi hovudsamarbeidsutvalet og dei lokale arbeidsmiljøutvala i oppdrag å følgje opp korleis regelverket vert handheva.
8. Vedtaket i denne saka har verknad frå 1. april 2015, med unntak av pkt 6, som har verknad frå 1. januar 2015.

-----  
**SAK 133/14    Revisjon av verdigrunlaget**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget godkjenner denne verksemdsideen for fylkeskommunen:
  - Demokratisk forankra og vernar om demokratiet
  - Leverer gode tenester og bidreg til utvikling av fylket
  - Har høg tillit i samfunnet.
2. Fylkestinget vedtek at det overordna verdisetet for fylkeskommunen er:



- Innsikt, integritet, respekt og openheit
3. Fylkestinget føreset at vidare retningslinjer og døme byggjer på saksførelegget i denne saka.

**Endringsframlegg:**

**Fylkesutvalet** sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Fylkestinget godkjenner denne verksemdsideen for fylkeskommunen:
  - Demokratisk forankra
  - Gode tenester
  - Høg tillit
2. Fylkestinget vedtek at dei overordna normene for fylkeskommunen skal vere:
  - Open, med innsikt, integritet og respekt
3. Fylkestinget føreset at vidare retningslinjer og døme byggjer på saksførelegget i denne saka.

**Avrøysting:**

Framlegget frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.  
Tilrådinga frå fylkesrådmannen kom ikkje opp til avrøysting.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget godkjenner denne verksemdsideen for fylkeskommunen:
  - Demokratisk forankra
  - Gode tenester
  - Høg tillit
2. Fylkestinget vedtek at dei overordna normene for fylkeskommunen skal vere:
  - Open, med innsikt, integritet og respekt
3. Fylkestinget føreset at vidare retningslinjer og døme byggjer på saksførelegget i denne saka.

-----  
**SAK 134/14    Regionreforma som del av kommunereforma**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkesutvalet ber leiinga i fylkeskommunen reise spørsmålet om Vestlandsrådet – slik dette no er geografisk definert – er innstilt på å få utgreidd ei felles regionløyving for landsdelen. Jf. Stortinget sine vedtak om dagens fylkeskommunar/ mellomnivået i norsk forvaltning av 18. juni 2014.

2. Fylkesutvalet ber fylkesordførar og fylkesrådmann oppmode partane som no arbeider med kommunereforma i fylket om å vere med å gjere ei samtidig utgreiing av eit alternativ basert på 1 – ein – folkevald kommuneorganisasjon i Sogn og Fjordane («Oslo-modell»).

Nemnde kommuneorganisasjon må kunne byggje på dei oppgåver kommunane og fylkeskommunen no har og tillegg få tilført nye oppgåver frå staten.

Nemnde utgreiing bør vise kor stor og robust ein slik organisasjon faktisk kan bli og korleis organisasjonen kan styrast, herunder korleis ein kan delegere avgjerdsmynde til eigne sektororgan og til underliggjande geografiske/lokale organ.

Dersom det viser seg å vere interesse for ei slik utgreiing, må kommunane – ev. gjennom regionråda og gjerne også KS – vere delaktige i utgreiingsarbeidet. Fylkeskommunen bør likevel tilby seg å finansiere arbeidet. Eit ev. endeleg vedtak om å starte eit slikt utgreiingsarbeid bør gjerast i fylkestinget våren 2015.

### **Endringsframlegg:**

**Venstre** sette fram slikt framlegg til vedtak i staden for fylkesrådmannen si tilråding:

1. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane ønskjer ei samla reform av kommunesektoren (ref "Landsdelsalternativet" i Møreforsking sin rapport av 17.11.14) der:
  - a. dagens fylkeskommunar blir erstatta av større regionar/landsdelar med betydeleg overføring av oppgåver frå staten, og
  - b. nye og større kommunar /regionar får overført nye oppgåver og mynde både frå staten og dagens fylkeskommunar
2. Eit overordna mål med ein slik samla reform av kommunesektoren må vere desentralisering av makt frå dagens sentraliserte statsforvaltning. Reforma må kombinerast med omfattande utflytting av statlege arbeidsplassar.
3. Fylkesutvalet ber leiinga i fylkeskommunen ta initiativ til at Vestlandsrådet får utgreidd ei felles regionløyising for landsdelen, jf. Møreforsking sin rapport og Stortinget sine vedtak om mellomnivået i norsk forvaltning av 18. juni 2014.
4. Fylkesutvalet ber om at kommunereforma vert sett i samanheng med ein mulig "landsdelsmodell" for regionnivået, – slik at vi får utgreidd ein kommunestruktur i Sogn og Fjordane som gjer det mulig å flytte makt og oppgåver frå staten ned til dei nye kommunane og/eller regionnivået. Døme på oppgåver som kan flyttast ned til dei nye kommunane, dersom dei får ein storleik på minst 15-20.000 innbyggjarar, er fleire av nærings-, miljø-, kultur- og planoppgåvene som i dag ligg på fylkesnivået.
5. Fylkesutvalet ynskjer ikkje å gå vidare med å utgreie ein "Oslo-modell" med 1 – ein – folkevald kommuneorganisasjon i Sogn og Fjordane.  
(Ein slik modell vil medføre omfattande sentralisering av makt og oppgåver frå dagens kommunar opp til dagens fylkeskommunenivå, i staden for desentralisering av makt og oppgåver frå dagens sentraliserte stat til nye regionar og frå dagens fylke/regionale statsforvaltning til nye kommunar.)

**Arbeidarpartiet, Senterpartiet, Høgre og Kristeleg Folkeparti** sette fram slikt framlegg til vedtak i staden for tilrådinga frå fylkesrådmannen:

1. Fylkesutvalet ber leiinga i fylkeskommunen reise spørsmålet om Vestlandsrådet – slik dette no er geografisk definert – er innstilt på å få utgreidd ei felles regionløyising for landsdelen. Jf. Stortinget sine vedtak om dagens fylkeskommunar/ mellomnivået i norsk forvaltning av 18. juni 2014.
2. Fylkesutvalet oppmodar partane som no arbeider med kommunereforma i fylket om å vere med å utgreie alternative samarbeidsformer for å ivareta statlege, fylkeskommunale og kommunale oppgåver i fylket.

Ei slik utgreiing må byggje på dei oppgåver kommunane og fylkeskommunen no har. I tillegg må utgreiinga legge til grunn at kommunesektoren i fylket kan ta på seg oppgåver som i dag vert utført av staten.

Dersom det er interesse for ei slik utgreiing, må kommunane – gjerne gjennom regionråda og KS – vere delaktige i utgreiingsarbeidet. Eit eventuelt endeleg vedtak om å starte eit slikt utgreiingsarbeid må gjerast i fylkestinget våren 2015. Fylkeskommunen vil då vere innstilt på å finansiere utgreiingsarbeidet.

**Avrøysting:**

Marit Barsnes Krogsæter røysta for framlegget frå Venstre.

Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anders Ryssdal, Jenny Følling, Noralv Distad, Olin Johanne Henden og Trude Brosvik røysta for framlegget frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet, Høgre og Kristeleg Folkeparti.

Tilrådinga frå fylkesrådmannen kom ikkje opp til avrøysting

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Fylkesutvalet ber leiinga i fylkeskommunen reise spørsmålet om Vestlandsrådet – slik dette no er geografisk definert – er innstilt på å få utgreidd ei felles regionløyising for landsdelen. Jf. Stortinget sine vedtak om dagens fylkeskommunar/ mellomnivået i norsk forvaltning av 18. juni 2014.
2. Fylkesutvalet oppmodar partane som no arbeider med kommunereforma i fylket om å vere med å utgreie alternative samarbeidsformer for å ivareta statlege, fylkeskommunale og kommunale oppgåver i fylket.

Ei slik utgreiing må byggje på dei oppgåver kommunane og fylkeskommunen no har. I tillegg må utgreiinga legge til grunn at kommunesektoren i fylket kan ta på seg oppgåver som i dag vert utført av staten.

Dersom det er interesse for ei slik utgreiing, må kommunane – gjerne gjennom regionråda og KS – vere delaktige i utgreiingsarbeidet. Eit eventuelt endeleg vedtak om å starte eit slikt utgreiingsarbeid må gjerast i fylkestinget våren 2015. Fylkeskommunen vil då vere innstilt på å finansiere utgreiingsarbeidet.

-----  
**SAK 135/14 Fosshaugane Campus - Ny parkeringsavtale**

**VEDTAK:**

1. Fylkeskommunen sluttar seg til at det vert inngått ny avtale for parkeringsordninga på Fosshaugane i Sogndal.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å slutføre tingingane og godkjenne avtalen, jf. vedlegg.

-----  
**SAK 136/14 Avvikling av bokbåttene i Sogn og Fjordane**

**Frå hovudutval for kultur låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Bokbåttene i Sogn og Fjordane vert avvikla f.o.m. 01.09.2015.
2. Boksamlinga som vert nytta til utlån på bokbåten, vert tilbydd lokale folkebibliotek.
3. Hovudutval for kultur vil peike på at det rår usikkerheit kring den endelege budsjettamma. Hovudutvalet ber fylkesrådmannen undersøkje nærare:
  - a. Mogeleg kortsiktig avtale i høve vidare bokbåttene i fylket (1-årig avtale)
  - b. Alternative reduksjonar i dette omfanget i andre delar av budsjettet.

**Endringsframlegg:**

**Arbeidarpartiet og Senterpartiet** sette fram slikt framlegg til vedtak, i staden for fylkesrådmannen si tilråding:

Saka vert utsett til møte i fylkesutvalet 8. desember 2014, jamfør punkt 3a i tilrådinga frå hovudutval for kultur.

**Avrøysting:**

Framlegget frå Arbeidarpartiet og Senterpartiet vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå fylkesrådmannen kom ikkje opp til avrøysting.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Saka vert utsett til møte i fylkesutvalet 8. desember 2014, jamfør punkt 3a i tilrådinga frå hovudutval for kultur.

-----  
**SAK 137/14 Skredsikring fv. 722 Flovegen - val av alternativ**

**VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fv. 722 Flovegen skal skredsikrast med lang tunnel mellom Veslebygda og Flo.
2. Kostnadsramma for prosjektet er 475 – 555 mill. 2014-kroner, med ei uvisse på 40 %.

-----  
**SAK 138/14 Endringar i budsjettet for 2014**

**VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gje slik vedtak:**

1. Rammetilskotet vert auka med 2,450 mill. kr.
2. Interne finansieringstransaksjonar – sentralt avsette midlar til pensjon – vert redusert med 1,704 mill. kr.
3. Unyttta midlar til pensjonsutgifter i 2014 vert avsett til pensjonsfond.
4. Driftsmidlar overført til investering vert redusert med 3,846 mill. kr.
5. Løyvinga på 0,100 mill. kr til Senter mot incest og overgrep i Sogn og Fjordane vert gitt som driftstilskot for 2015.
6. Teneste 4009 Avsett til løns- og prisvekst vert redusert med 24,910 mill. kr. Sektorbudsjetta vert auka med 19,910 mill. kr i samsvar med vedlegg 1. 5,000 mill. kr vert avsett til bufferfondet.
7. Teneste 5101 Vedlikehald og drift av skulebygg vert auka med 8,000 mill. kr.
8. Teneste 5200 Pedagogisk leining mv/teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med samla 1,500 mill. kr. Beløpet vert avsett til bufferfondet.

9. Investerings- og finansieringsprogrammet for bygg vert redusert med 18,000 mill. kr i tråd med vedlegg 2.
10. Budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18) vert konsekvensjustert som følgje av dette vedtaket.

-----

**SAK 139/14 Sogn jord- og hagebruksskule**

**VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkesrådmannen får i oppgåve å utgreie kva ekstraordinært vedlikehaldsarbeid som kan gjerast på eksisterande bygningsmasse ved Sogn jord- og hagebruksskule innanfor ei økonomisk ramme lik summen av løyving frå fylkeskommunen og ev. tilskot frå Aurland kommune, Sogn Jord- og Hagebruksskule Venneforening og ev. andre.
2. Fylkestinget er for eigen del innstilt på å løyve 20,0 mill. kr til ekstraordinært vedlikehald av eksisterande bygningsmasse på Sogn jord- og hagebruksskule. Denne løyvinga må finansierast ved låneopptak. Kapitalkostnadane knytt til eit slikt låneopptak må innarbeidast i framtidige budsjett og økonomiplanar.

Det vert løyvd 0,5 mill. kr over budsjett 2015 til kjøp av rådgivingstenester i samband med utgreiingsarbeidet, jf. punkt 1 over. Løyvinga på 0,5 mill. kr vert mellombels finansiert over bufferfondet. Dersom ekstraordinært vedlikehald vert realisert, vil nemnde løyving inngå i det samla låneopptaket.

Ein føresetnad for å realisere det ekstraordinære vedlikehaldsarbeidet er at utgreiinga viser at dette kan gje grunnlag for tilfredsstillande og forsvarleg drift på skulen i ein 10-12 års periode.

3. Aurland kommune og Sogn Jord- og Hagebruksskule Venneforening må innan 31.01.2015 klårgjere om dei vil bidra med tilskot til å finansiere eit slikt ekstraordinært vedlikehaldsarbeid av eksisterande bygningsmasse på Sogn jord- og hagebruksskule om dette blir realisert, og i tilfelle med kor mykje ein vil kunne yte i tilskot. Eventuelle statstilskot vil komme i tillegg.
4. Fylkestinget vil handsame sak med utgreiing av ekstraordinært vedlikehald på eksisterande bygningsmasse ved Sogn jord- og hagebruksskule i juni 2015.

-----

**SAK 140/14 Opplæringstilbodet for skuleåret 2015-2016**

**VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

- 1) Fylkesrådmannen får fullmakt til å sjå ressursar tilsvarande 1 gruppe (1,4 mill. kr) av den økonomiske ramma for opplæringstilbodet skuleåret 2015-2016 i samband med tilskot til lærebedrifter/oppretting av vg3 i skule.
- 2) Ombygging av areal ved Eid vidaregåande skule til studiespesialisering med formgjeving vert utsett i påvente av nytt vedtak om skule- og tilbodsstruktur.

- 3) International Bacculaureate (IB), i samarbeid mellom UWC RCN og Dale vidaregåande skule, blir lyst ut som prøveprosjekt over tre år. Prøveprosjektet blir lyst ut med 3 plassar. Den samla fylkeskommunale kostnaden blir 440 000 kr over tre år. Prøveprosjektet vert finansiert innanfor den økonomiske ramma for opplæringstilbodet.
- 4) Ordninga «Spissa idrettstilbod for potensielle toppidrettsutøvarar i vidaregåande opplæring» vert vidareført ved Sogndal, Hafstad og Stryn vidaregåande skular. Det blir teke inn søkjarar til vg1 skuleåret 2015-2016. Ordninga må finne si finansiering i samband med økonomiplanarbeidet.
- 5) I samsvar med skulebruksplanen har fylkeskommunen skuleåret 2014-2015 kjøpt plassar til vg2 reiseliv i andre fylke. For skuleåret 2015-2016 vert det lyst ut 0,5 gruppe i vg2 reiseliv ved Stryn vidaregåande skule. 0,360 mill.kr, tilsvarande gjesteelevutgifter til reiseliv skuleåret 2015-2016, vert omdisponert frå teneste 5202 Gjesteelevar til teneste 5200 Pedagogisk leing mv./teneste 5210 Utdanningsprogramma til delfinansiering av tilbodet. Tilbodet vert ut over dette finansiert innanfor den økonomiske ramma for opplæringstilbodet.

-----

## SAK 141/14 Budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18)

**Frå Finansutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:  
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Dokumentet "Budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18)" utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2015-18.
2. Budsjettreglementet vert vedteke slik det ligg føre i dokumentet "Budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18)".
3. Driftsbudsjettet for 2015 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke med slike rammer:

	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018
<b>NETTO FELLESINNTEKTER</b>	<b>-2 214,487</b>	<b>-2 143,442</b>	<b>-2 239,243</b>	<b>-2 205,709</b>
<b>Forvaltning</b>	<b>170,401</b>	<b>169,260</b>	<b>176,904</b>	<b>175,874</b>
400 Politisk styring	68,562	67,771	73,926	72,896
410 Kontrollutval	4,375	4,650	4,500	4,500
420 Administrasjon	71,591	71,341	75,055	75,055
421 Forvaltningsutgifter eigedomsforvaltninga	8,225	8,225	7,925	7,925
430 Administrasjonslokale	6,476	6,476	6,476	6,476
460 Tenester utanom ordinært FK ansvarsområde	0,675	0,525	0,525	0,525
480 Diverse fellesutgifter	10,497	10,272	8,497	8,497
<b>Opplæring</b>	<b>824,586</b>	<b>823,456</b>	<b>805,031</b>	<b>778,904</b>
510 Skulelokale og internatbygningar	104,933	104,302	101,964	99,623
515 Fellesutgifter og støttfunksjonar	60,734	60,580	59,823	58,072
520 Pedagogisk leing/fellesutg. og gjesteelevar	103,522	121,683	121,382	98,258
521 -532 Utdanningsprogramma	331,677	313,251	298,172	299,261
554 Fagskule	22,894	22,894	22,894	22,894
559 Landsliner	3,783	3,783	3,783	3,783
561 Oppflg.tenesta og ped./psyk. teneste	19,631	19,551	19,401	19,401
562 Tilpassa opplæring	67,559	67,559	67,559	67,559

570 Fagopplæring i arbeidslivet	95,285	95,285	95,285	95,285
581 Vaksenopplæring etter opplæringslova	4,545	4,545	4,745	4,745
590 Andre føremål	10,023	10,023	10,023	10,023
<b>Tannhelsetenesta</b>	<b>79,630</b>	<b>79,630</b>	<b>82,630</b>	<b>82,630</b>
660 Tannhelsetenesta fellesfunksjonar	18,664	18,664	18,954	18,954
665 Tannhelsetenesta - pasientbehandling	60,966	60,966	63,676	63,676
<b>Plan og næring</b>	<b>100,583</b>	<b>97,963</b>	<b>113,425</b>	<b>107,288</b>
701 Tilrettel./støttef./fin.bistand for næringslivet	81,675	79,753	94,019	87,882
715 Lokal og regional utvikling	12,536	12,038	13,134	13,134
716 Friluttsliv, vassreg.styresmakt mv	6,372	6,172	6,272	6,272
<b>Kultur</b>	<b>68,039</b>	<b>64,507</b>	<b>65,607</b>	<b>65,607</b>
740 Bibliotek	6,244	5,584	6,884	6,884
750 Kulturminnevern	13,107	12,575	12,275	12,275
760 Museum	16,244	15,244	14,244	14,244
771 Kunstformidling	8,967	8,577	10,077	10,077
772 Kunstproduksjon	11,474	10,974	11,474	11,474
775 Idrett	3,100	3,000	3,100	3,100
790 Andre kulturaktivitetar	8,903	8,553	7,553	7,553
<b>Samferdsle</b>	<b>965,065</b>	<b>902,443</b>	<b>989,463</b>	<b>989,223</b>
720 Fylkesvegar - nyanlegg, drift og vedlikehald	457,145	395,423	433,050	431,300
730 Bilruter	271,580	265,880	289,374	289,374
731 Fylkesvegferjer	102,262	110,462	125,675	128,275
732 Båtruter	124,169	120,769	131,693	130,603
733 Tilrettelagd transport	9,909	9,909	9,671	9,671
<b>Ufordelte postar</b>	<b>6,183</b>	<b>6,183</b>	<b>6,183</b>	<b>6,183</b>
<b>NETTO SEKTORRAMMER</b>	<b>2 214,487</b>	<b>2 143,442</b>	<b>2 239,243</b>	<b>2 205,709</b>

Innan driftsbudsjettet får hovudutvala høve til å endre fordeling av rammene i tråd med fullmakter gjevne i budsjettreglementet.

Hovudutvala sine vedtak må tilpassast dei føringar som ligg i FT sitt budsjettvedtak.

Hovudutval for opplæring får fullmakt til å vedta og gjennomføre eventuelle organisatoriske endringar innanfor dei økonomiske rammene for følgjande tenester, med verknad frå hausten 2015:

- a. Arbeidslivskontakt
- b. Oppfølgingstenesta
- c. Systemansvarleg IKT/e-pedagog
- d. Karriererettleiing

Potensialet for redusert ressursbruk i planperioden for tenestene i punkt a-d skal utgreiast for politisk handsaming i samband med økonomiplansaka i juni 2015.

#### 4. Kapitalbudsjettet for 2015 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke med slike rammer:

	2015	2016	2017	2018
Bygg	132,2	175,8	115,9	107,2
Fylkesvegar inkl. skredsikring	167,3	169,4	112,7	45,6

<b>Sum investeringar</b>	<b>299,5</b>	<b>345,2</b>	<b>228,6</b>	<b>152,8</b>
	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>
Driftsmidlar til investering	30,9	18,1	17,8	12,3
Mva. kompensasjon	56,8	54,2	32,1	24,4
PC-ordninga - elevbetaling	2,9	2,9	2,9	2,9
Fondsmidlar	6,7	23,7	28,2	
Låneopptak	132,2	129,3	78,5	105,1
Statsbudsjettet kap 1320 - skredsikring	70,0	117,0	69,1	8,1
<b>Sum finansiering</b>	<b>299,5</b>	<b>345,2</b>	<b>228,6</b>	<b>152,8</b>

5. Økonomiplanen sine rammer for 2016-18 skal i utgangspunktet leggjast til grunn for arbeidet med budsjett 2016 og økonomiplanen for etterfølgjande år.
6. Programområde 700 med tilhøyrande tenester vert endra til programområde 701.
7. Budsjettreglementet får eit nytt punkt 2.6.2 slik: «Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere tekniske endringar i budsjett og kontoplan som følgje av endringar i KOSTRA-rettelearen.»  
  
Punkta 2.6.2 -2.6.10 vert forskyvd til 2.6.3 – 2.6.11
8. Vedtakspunkta over skal konsekvensjusterast for eventuelle verknader av fylkestinget sine vedtak i fylkestingseta 9.-10. desember 2014.

#### **Endringsframlegg og avrøysting:**

**Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti** sette fram slikt framlegg til vedtak:  
Tilskot til politiske parti vert ikkje redusert i 2015, pga at det er valår.

Jenny Følling, Anders Ryssdal, Karen Marie Hjelmeseter og Trude Brosvik røysta for framlegget frå Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti.  
Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Noralv Distad, Olin Johanne Henden og Marit Barsnes Krogsæter røysta mot.

**Høgre** gjorde framlegg om slikt nytt punkt:

Som del av omstillingsarbeidet som fylkesrådmannen har sett i gong, legg fylkestinget til grunn at det blir leigt inn ekstern konsulent for å gå gjennom drifta med mål om å finne innsparingar.

Olin Johanne Henden og Noralv Distad røysta for framlegget frå Høgre.

Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anders Ryssdal, Karen Marie Hjelmeseter, Marit Barsnes Krogsæter og Trude Brosvik røysta mot.

**Høgre** gjorde framlegg om slik tekstleg merknad:

Fylkestinget ber om å få ein oversikt over kva prosjekt vi kan investere i for å nytte oss av ramma for rentekompensasjonsordninga for 2015 og 2016, både ras-sikringsprosjekt og andre veg-investeringar. Det må også bli synleggjort korleis avdragsbelastninga blir i budsjettet dersom ein nyttar rentekompensasjonsordninga fullt ut.

Noralv Distad, Olin Johanne Henden og Trude Brosvik røysta for framlegget frå Høgre.

Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anders Ryssdal, Karen Marie Hjelmeseter og Marit Barsnes Krogsæter røysta mot.

**Fylkesutvalet** sette fram slike framlegg:

- 1 Budsjettet for skredsikring vert endra i tråd med opplysningane i Tilleggsnotat i vedlegg 6 i Budsjett-saka.



- 2 Rammetilskotet vert auka med 0,973 mill. kr.  
Teneste 5540 Fagskuleutdanninga vert auka med 0,973 mill. kr.
- 3 Det vert teke inn slik tekstleg føring i tekstbudsjettet under teneste 5701 Opplæring i bedrift:  
Det vert sett av 0,275 mill. kr årleg for åra 2015 og 2016 til finansiering av Yrkesval 2.0 – omdømmeprojekt, jf. HO-sak 31/14.

Dei tre framlegga frå fylkesutvalet vart samrøystes vedtekne.

Tilrådinga frå Finansutvalet med dei endringar som følgjer av vedtaka ovanfor vart samrøystes vedteken.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Dokumentet "Budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18)" utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2015-18.
2. Budsjettreglementet vert vedteke slik det ligg føre i dokumentet "Budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18)".
3. Driftsbudsjettet for 2015 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke med slike rammer:

	<b>B-2015</b>	<b>B-2016</b>	<b>B-2017</b>	<b>B-2018</b>
<b>NETTO FELLESINNTEKTER</b>	<b>-2 215,460</b>	<b>-2 144,415</b>	<b>-2 240,216</b>	<b>-2 206,682</b>
<b>Forvaltning</b>	<b>170,401</b>	<b>169,260</b>	<b>176,904</b>	<b>175,874</b>
400 Politisk styring	68,562	67,771	73,926	72,896
410 Kontrollutval	4,375	4,650	4,500	4,500
420 Administrasjon	71,591	71,341	75,055	75,055
421 Forvaltningsutgifter eigedomsforvaltninga	8,225	8,225	7,925	7,925
430 Administrasjonslokale	6,476	6,476	6,476	6,476
460 Tenester utanom ordinært FK ansvarsområde	0,675	0,525	0,525	0,525
480 Diverse fellesutgifter	10,497	10,272	8,497	8,497
<b>Opplæring</b>	<b>825,559</b>	<b>824,429</b>	<b>806,004</b>	<b>779,877</b>
510 Skulelokale og internatbygningar	104,933	104,302	101,964	99,623
515 Fellesutgifter og støttefunksjonar	60,734	60,580	59,823	58,072
520 Pedagogisk leing/fellesutg. og gjesteelevar	103,522	121,683	121,382	98,258
521 -532 Utdanningsprogramma	331,677	313,251	298,172	299,261
554 Fagskule	23,867	23,867	23,867	23,867
559 Landsliner	3,783	3,783	3,783	3,783
561 Oppflg.tenesta og ped./psyk. teneste	19,631	19,551	19,401	19,401
562 Tilpassa opplæring	67,559	67,559	67,559	67,559
570 Fagopplæring i arbeidslivet	95,285	95,285	95,285	95,285
581 Vaksenopplæring etter opplæringslova	4,545	4,545	4,745	4,745
590 Andre føremål	10,023	10,023	10,023	10,023
<b>Tannhelsetenesta</b>	<b>79,630</b>	<b>79,630</b>	<b>82,630</b>	<b>82,630</b>
660 Tannhelsetenesta fellesfunksjonar	18,664	18,664	18,954	18,954
665 Tannhelsetenesta - pasientbehandling	60,966	60,966	63,676	63,676
<b>Plan og næring</b>	<b>100,583</b>	<b>97,963</b>	<b>113,425</b>	<b>107,288</b>

701 Tilrettel./støttef./fin.bistand for næringslivet	81,675	79,753	94,019	87,882
715 Lokal og regional utvikling	12,536	12,038	13,134	13,134
716 Friluftsliv, vassreg.styresmakt mv	6,372	6,172	6,272	6,272
<b>Kultur</b>	<b>68,039</b>	<b>64,507</b>	<b>65,607</b>	<b>65,607</b>
740 Bibliotek	6,244	5,584	6,884	6,884
750 Kulturminnevern	13,107	12,575	12,275	12,275
760 Museum	16,244	15,244	14,244	14,244
771 Kunstformidling	8,967	8,577	10,077	10,077
772 Kunstproduksjon	11,474	10,974	11,474	11,474
775 Idrett	3,100	3,000	3,100	3,100
790 Andre kulturaktivitetar	8,903	8,553	7,553	7,553
<b>Samferdsle</b>	<b>965,065</b>	<b>902,443</b>	<b>989,463</b>	<b>989,223</b>
720 Fylkesvegar - nyanlegg, drift og vedlikehald	457,145	395,423	433,050	431,300
730 Bilruter	271,580	265,880	289,374	289,374
731 Fylkesvegferjer	102,262	110,462	125,675	128,275
732 Båtruter	124,169	120,769	131,693	130,603
733 Tilrettelagd transport	9,909	9,909	9,671	9,671
<b>Ufordelte postar</b>	<b>6,183</b>	<b>6,183</b>	<b>6,183</b>	<b>6,183</b>
<b>NETTO SEKTORRAMMER</b>	<b>2 215,460</b>	<b>2 144,415</b>	<b>2 240,216</b>	<b>2 206,682</b>

Innan driftsbudsjettet får hovudutvala høve til å endre fordeling av rammene i tråd med fullmakter gjevne i budsjettreglementet.

Hovudutvala sine vedtak må tilpassast dei føringar som ligg i FT sitt budsjettvedtak.

Hovudutval for opplæring får fullmakt til å vedta og gjennomføre eventuelle organisatoriske endringar innanfor dei økonomiske rammene for følgjande tenester, med verknad frå hausten 2015:

- a. Arbeidslivskontakt
- b. Oppfølgingstenesta
- c. Systemansvarleg IKT/e-pedagog
- d. Karriererettleiing

Potensialet for redusert ressursbruk i planperioden for tenestene i punkt a-d skal utgreiast for politisk handsaming i samband med økonomiplansaka i juni 2015.

Det vert teke inn slik tekstleg føring i tekstbudsjettet under teneste 5701 Opplæring i bedrift:

Det vert sett av 0,275 mill. kr årleg for åra 2015 og 2016 til finansiering av Yrkesval 2.0 – omdømmeprojekt, jf. HO-sak 31/14.

4. Kapitalbudsjettet for 2015 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke med slike rammer:

	2015	2016	2017	2018
Bygg	132,2	175,8	115,9	107,2
Fylkesvegar inkl. skredsikring	172,4	204,4	112,7	45,6
<b>Sum investeringar</b>	<b>304,6</b>	<b>380,2</b>	<b>228,6</b>	<b>152,8</b>

	2015	2016	2017	2018
Driftsmidler til investering	30,9	18,1	17,8	12,3
Mva. kompensasjon	57,1	60,8	32,1	24,4
PC-ordninga - elevbetaling	2,9	2,9	2,9	2,9
Fondsmidler	6,7	23,7	28,2	
Låneopptak	132,2	129,3	78,5	105,1
Statsbudsjettet kap 1320 - skredsikring	74,8	145,4	69,1	8,1
<b>Sum finansiering</b>	<b>304,6</b>	<b>380,2</b>	<b>228,6</b>	<b>152,8</b>

5. Økonomiplanen sine rammer for 2016-18 skal i utgangspunktet leggjast til grunn for arbeidet med budsjett 2016 og økonomiplanen for etterfølgjande år.
6. Programområde 700 med tilhøyrande tenester vert endra til programområde 701.
7. Budsjettreglementet får eit nytt punkt 2.6.2 slik: «Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere tekniske endringar i budsjett og kontoplan som følgje av endringar i KOSTRA-rettleiaren.»  
  
Punkta 2.6.2 -2.6.10 vert forskyvd til 2.6.3 – 2.6.11
8. Vedtakspunkta over skal konsekvensjusterast for eventuelle verknader av fylkestinget sine vedtak i fylkestingseta 9.-10. desember 2014.

-----

## SAK 142/14 Skriv og meldingar fylkesutvalet 26. november 2014

### Følgjande skriv, meldingar og orienteringar vart handsama:

- 1a: Brev til Stortinget om kompensasjonsordning til fylkeskommunen - frå Samarbeidsforum i Sunnfjord
- 1b: Brev til Stortinget- frå HAFS regionråd, Nordfjorderrådet og Sogn regionråd
- 2a: Staten må ta et større ansvar for naturødeleggelser - opprop frå Oppland fylkeskommune
- 2b: Opprop

#### VEDTAK:

Fylkeskommunen stør oppropet og vil ta initiativ til å få innført eit system for at fylkeskommunar og kommunar skal få dekkja naturskadar.

- 3: Fylkesordføraren sin sekretariatsleiar
- 4: Oppsummering frå Nordsjøkommisjonens styremøte i Brussel
- 5: Eigarinformasjon - *ikkje offentleg, offl.§23,4.ledd*

-----

## SAK 143/14 Utbetring av FV 57 Dale - Storehaugen, søknad om forskottering av planleggingsmidlar.

#### VEDTAK:

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak**

Søknad frå Fjaler og Gaular kommune om forskotering av planmidlar til fv 57 Dale-Storehaug med bru over Svesundet, vert imøtekomen innanfor ei ramme på 2mill. kr. Refusjon av kostnadane vert innarbeidd i Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt planleggingsprogram for neste RTP-periode 2018-2021.

På grunn av lang tidshorisont på planlegging av eventuell bompengefinansiering vil utvalet gjere eit unntak frå retningslinene for forskotering.

-----  
**SAK 144/14     Avtale om rettighetsserverv 420 kV - ledningen Ørskog  
Sogndal**

**VEDTAK:**

1. Fylkesutvalet godkjenner den vedlagde avtalen om rettighetsserverv.
  2. Realisert verdi skal nyttast til ekstraordinær nedbetaling av gjeld.
-